

Ta godt imot konfirmantane i morgon!

11.04.2011



Konfirmantane er klare eit tidlegare år

Tysdag frå klokka 17 til 19 er dei 17 konfirmantane i Uskedalen dette året på farten rundt i bygda i eit viktig oppdrag. Dei samlar inn pengar i den årlege fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp. I fjor vart resultatet 13.260 kroner og 13 konfirmantar var då på farten. I år bør resultatet bli enda betre.

Konfirmantane plar gjera ein flott innsats og samstundes opplever ein nok en gong at uskedalingane er rause med omsyn til å gje til gode føremål.

Dette året har Kirkens Nødhjelp eit spesielt fokus på å hjelpa dei som har problem med å skaffa seg sin eigen arbeidsplass. Pengane går til prosjekt over heile verda som både gjeld akutt naudhjelp og meir langsiktig satsing.

Konfirmantane har plomberte bøsser som er tydeleg merka med Kirkens Nødhjelp. Dei har og ID-merke med namn og nummer på, som samsvarar med nummeret på bøssa. Diverre har nokon freista å samla inn same dag som denne innsamlinga går og det er grunnen til denne merkinga. Også på våre kantar har slikt skjedd.

Ta godt imot konfirmantane!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen